



## Statens vegvesen

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER


Behandlende eining: Region vest Sakshandsamar/telefon: Anne Marta Espelund / 55516432 Vår referanse: 16/126973-6 Dykkar referanse: Vår dato: 09.01.2017

### Høyring av framlegg til omklassifisering av eksisterande vegnett i samband med bygging av ny fv. 565 Marås – Soltveit i Radøy kommune.

Det skal byggast ny fv. 565 på strekninga Marås – Soltveit i Radøy kommune, med tidligaste oppstart vår 2018. I samband med dette vert det vurdert kva status det eksisterande vegnettet skal ha.

#### Moment i saka

#### Befolkningsdata og trafikkmengde (2015)



Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER


Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Faktaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

## Kommuneplan

Gjeldande kommuneplan for området er synt under.



## Busstilbod

6–7 av bussrutene med rute 300 Mastrevik ↔ Knarvik ↔ (Bergen) går via fv 565 over Radøy på kvardagane, og 2–3 i helgene. Det går i tillegg skuleruter til/frå Valdersnes. Av *trafikkplan Nordhordland – Busstilboden i Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland og Radøy 2016* går det fram at tilboden om Radøy bør dekkast av linjer som utgjer grunntilboden i kommunen som vert knytt opp til linja mellom Manger og Knarvik i framtida.

## Vurdering

Eksisterande fv. 565 sør for Sletta vil få hovedfunksjon som tilkomst til bustad- og hytteområder. Det er ikkje eit eige tilbod til mjuke trafikantar langs fylkesvegen. På strekninga mellom Marås og Kjeset vil likevel eksisterande fylkesveg vere tilboden til mjuke trafikantar etter at ny veg er bygd. Frå Kjeset og nordover skal det byggast gang- og sykkelveg langs ny fv. 565.

Hovedfunksjonen til fv. 413 til Valdersnes er, etter det vi kjenner til, tilkomst til bustadområde på om lag 90 personar. Vi kan ikkje sjå at det ligg føre grunnar til at vegen skal behalde status som fylkesveg.

Sletta er eit lokalt senter, med om lag 290 innbyggjarar. Vi vurderer at ein bør ha tilkomst via fylkesvegnettet til Sletta. Fv. 411 vil være kortaste veg mellom ny fv. 565 og Sletta, og vi vil difor rå til at fv. 411 beheld same status som i dag.

### Tilråding

Statens vegvesen vil med bakgrunn i ovannemnde rå til at:

- Eksisterande fv. 565 på Marås – Soltveit blir omklassifisert til kommunal veg (FV 565 hp 3 km 2,400 – hp 4 km 3,235).
- Fv. 413 Sletta – Valdersnes blir omklassifisert til kommunal veg.

I samsvar med veglova § 7 første ledd er det Hordaland fylkeskommune som fattar endeleg vedtak om omklassifisering av fylkesveg. Vedtaket vil tre i kraft når veganleggget ny fv. 565 Marås – Soltveit opnar.

Før vi sender dette framleggget til omklassifisering av vegane til godkjenning i Hordaland fylkeskommune, ber vi om uttale frå dykk.

Uttalefrist vert sett til 21. februar 2017.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Anne Marta Espelund  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*